

Nr. 2 - Kva er vesentleg endring av gravplass?

## Fasadebelysning av kyrkja

Mange stader er det ønske om å sette lys på kyrkja slik at vi kan sjå ho på lang avstand når det er mørkt. Slikt lys kan også ha konsekvensar for bruken eller opplevinga av gravplassen.

Når er fasadebelysning ein vesentleg endring av gravplassen, slik at Statsforvaltaren skal handsame tiltaket, sjå § 4 i gravplassloven?



Foto:  
Statsforvaltaren i  
Vestfold og Telemark

Vi skil mellom opplysning av fasadar og anna lys på gravplassen, slik som til dømes på gangvegar.

Når føresetnadene nedanfor er til stades, vil det til vanleg ikkje være naudsynt at Statsforvaltaren vurderer og godkjener plan for fasadebelysning som ei vesentleg endring av gravplassen.

### Føresetnader

Hovudprinsipp: Armaturen skal rette lyset mot målet slik at lyset ikkje blinder eller utset omgjevnadane for unødvendig strølys eller lysforureining. Naturleg lys og mørke må framleis kunne prege området.

- Armaturen eller stolpen/stativet han er festa på, skal ha minst 3 meter avstand til den nærmaste grava.
- Biskopen må ha godkjent tiltaket ut frå regelverket i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja.
- Kulturminnestyresmaktene må ha gitt dei aktuelle dispensasjonane når kyrkja og/eller gravplassen er automatisk freda etter kulturminneloven. For listeførte (verna) kyrkjer må Riksantikvaren ha gitt biskopen si tilråding.

- Statsforvaltaren føljer kulturminnestyresmaktene sine føringar om at lyset på fasaden være jamn utan særleg framheving av detaljar.
- Lyset skal virke naturleg (kvitt/gult), ikkje farga. Vær merksam på fargeforskjellar. Det er heller ikkje høve til å sette temporært lys på ei kyrkje som markering utan at det er godkjent av biskopen.
- Armaturen, stolper og anna stativ/feste for armaturen skal være diskret. Stolper og utstyr skal ha nøytrale farger, nyanser av brunt eller grått. Gjelder sjølv om kyrkje/kapell har ein annan farge.



Foto:  
Tunsberg bispedøme

### **Om lys på gangvegar, fram til kyrkja og elles på gravplassen**

Tradisjonelt har det ikkje vore lys inne på gravplassane. Gravferd, besøk og skjøtsel har skjedd i dagslys. Skikken med individuell lystenning, meir bruk av kyrkja til kveldsarrangement, samt den teknologiske utviklinga, gjer at lys på gravplassen nå er meir aktuelt enn tidlegare. Men det er ingen regel om at ein gravplass må ha lys i mørket. Hovudprinsippet for slik lyssetting på gravplassen, er at armaturen skal rette lyset ned til gangområda.

Statsforvaltaren skal handsame:

- Lys på gangvegar inne på gravplassen.
- Lys på parkeringsområde i samband med gravplassen.
- Opplysning av minnesmerke eller anna effektbelysning.

Når det «berre» skal vere lys ved inngangspartiet til kyrkja og eventuelle sidedører, handsamar biskopen tiltaket ut frå kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Da er det ikkje naudsynt at statsforvaltaren gjer det. Vær merksam på føresegnene i Rundskriv Q-06/20.

### **Referansedokument**

- Gravplassloven, § 4
- Forskrift til gravplassloven, § 7 utrustning og adkomst.
- Rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø. (Barne- og familiedepartementet og Klima- og Miljødepartementet.)

